

---

**Fra:** Nils Landro <nils@meng.no>  
**Sendt:** tirsdag 9. oktober 2018 09:51  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Uttale - Høyring av søknad om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebæråna i Lindås kommune

Viser til høyningsrunde om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebæråna i Lindås kommune.

Sjøområdet det er søkt om ligg framfor vår bustad Gnr 194, Bnr 28 og Gnr 194, Bnr 4, samt fellesejige Mundal ut til Djupedalsneset.

Frå gammalt av har sjøområde frå Mundalstø og ut til Djupedalsneset vore brukt til rekreasjon og fiske. Me har brukt garn, line, dorg og stangfiske fra land og båt.

Nåværende anlegg har gitt oss ein del reduserte muligheter for fiske, men me har tilpassa oss så godt me kan. Her som det er så djupt er fisket fra land og utover. Der er det fortøyningane ligg. Slik det nye anlegget med fortøyningar vil bli plassert vil det bli umulig for oss å drive noe slags fiske uten å komme i konflikt med fortøyninger/ankerliner. Dermed vil det ta fra oss ein viktig kvalitet med å bu på Mundal. Det gjelder oss, barn og barnebarn som også bur på Mundal.

I tillegg til utviding av anlegget ved Eikjbæråna har anlegget tvers av fjorden ved Tepstad ut mot Sandalsneset utvida arealet vesentlig. Dette gjer at det blir tett med anlegg utanfor oss. Anlegget ved Tepstad er ikkje teikna inn på mottatt kystsonekart. Det burde det ha vore for å gi et riktig bilde av situasjonen.

Har også merka at forholda i fjorden har forandra seg dei siste åra. Det er mykje meir grønske som veks, blåskjell er vekke bl.a. Småseien (pala) som vi får er som regel full av pellets og ikkje eigna til mat når det er fisk i nåværende anlegg. Andre fiskeslag er stort sett ok.

Dersom anlegget blir dobla i biomasse, vil det også totalt sett bli et par tusen tonn pr. år med avføring/forrestar i sjøen utanfor sjølinja vår. Dette kan nok få konsekvensar for bading etc. Det vil også bli mykje meir støy frå brønnbåtar, forbåtar og arbeidsbåtar i forbindelse med arbeid på anlegget. Blir det like mykje som på anlegget ved tvers av fjorden (Tepstad), så blir det veldig sjenerande.

Vil be om at overstående blir tatt hensyn til, og at dersom det blir utviding, blir løysingar som gjer at negative konsekvensar for oss kan unngås.

Helsing Nils Landro  
Osterfjordvegen 533  
5915 Hjelmås.  
Tlf. 90 19 19 97